

INFORMASJON



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 3 • SEPTEMBER 2024
85. ÅRGANG

TEMA: Trusopplæring



Trusopplæring
Side 4

Mannskoret
Laudamus
Side 6

Frå gammel tid
Side 8

Budsjett
Side 12



FRAMSIDA

Hermund Vigerust Furu
frå Ytre Ålvik med eit kje
i fanget, i samband med
Krølletreff.




Foto: Elisabeth Fasse

GÅVE

Kunne du tenka deg å
senda ei gåve til
Trusopplæring for Kvam?
Då kan Vipps
#583498 nyttast.



Utgjevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm
sokneråd

Ansvarleg redaktør:


Olav Skeie Lid, epost: OL485@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver
Vipps #584927

Annonsar:

Kontakt redaksjonen

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til ol485@kyrkja.no

LEIAR

Nokon gonger er det ålreit!

«Noen ganger i livet», seier Odd Børretzen, - «noen ganger i livet.....» Og så gjev han oss ei lekse om kor trasig livet kan vera, med skorpe på leverposteien og regntunge dagar i båten. (Ein kan jo lura på om segling i regn var all motgang gubben har hatt?)

Men så kjem det: «Men noen ganger. Noen ganger er det ålreit.» Og dermed var songen skapt, - og mange er me som har funne trøyst i hans livsvisdom. For sånn ER livet. Nokon gonger er det så inn i hampen krokute og tvert her i livet. Også i kvardagen til ein kyrkjebyråkrat i ein middels stor vestlandskommune er livet sånn. Nokon gonger er det skorpe på leverposteien frå kontordøra og heilt opp i kyrkjetårnet, der det lek vatn inn. Eller når godt planlagde gudstenester finn stad i nesten tomme kyrkjer, og ressursbruken vert heil feil. Når dead-linen for kyrkjebladet var i går, og det framleis attstår mykje som ikkje er på plass. Når regntunge haustdagar gjer arbeidet på kyrkjegarden nesten uoverkomeleg for trugne medarbeidarar, og når kontoen er skålande tom. Og når dagane går med til ørkeslause vandringar i tunge byråkratiske system, når eg slåss med overordna byråkratar i Bergen i unemelege organ, som med tung og myndig labb meiner å vita kva som er best for oss i Kvam, utan eingong å vita kvar bygda vår ligg – då samstemmer eg med den gode, men akk så pessimistiske Børretzen: «nokon gonger....» Akkja. (Og her må eg skyta inn: eg må erkjenne at eg har særdeles lite å klaga over, og min motgang i livet har vore krusningar

Olav Skeie Lid

Redaktør



på overflata i høve til kva mange må kjempe med i livet.)

Men andre gonger! Når det syng av barnestemmer under kyrkjekvelven, når gode samtalar finn stad i einerom på mitt kontor, når eg kan vera med og hjelpa til med praktiske gjeremål i tunge stunder i sorg og gravferd, når det tikkar inn melding om uventa gåver frå menneske som er glade i kyrkja si, når gamle får ordna opp i festeforhold på kyrkjegarden og kan pusta ut, når menneske møtest i undring under krossen sitt teikn, gamle som unge, når kyrkelyden samlast om dette forunderlege som kallast Guds nåde, når gode medarbeidarar sine varmande smil tiner frosen dalasjel heilt, heilt inn, når friviljuge tek på seg store bærer og gjev av seg sjølv gjennom år og dagar -ja, då samstemmer eg med Børretzen: «Nokon gonger er det ålreit!»

Hausten er her, og nye ark ligg blanke og klare til å fyllast med liv og innhald. Mykje av livet i kyrkja følgjer strukturen i skuleåret, og hjula byrjar sakte å rulla i takt med at august vert til september. Visst er det mykje som kunne vore annleis, visst er det til tider motbakke, – men her er det berre å bretta ermene opp, gle seg over alle gode medarbeidarar, - og dessutan er det von om sol i september.

God haust!

PS. Og så kriblar det litt i skrotten: vil lesarar av kyrkjebladet trø til å gje oss den handsrekkjving som me treng til vår satsing på trusopplæring?



DEN NORSKE KYRKJA
Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,
Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:
www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

Organisasjonsnummer
Kvam kyrkjelege fellesråd:
976 995 082

Kyrkjeverja i Kvam:

Olav Skeie Lid, tlf 41400035,

epost: ol485@kyrkja.no

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,

vk267@kyrkja.no, tlf. 400 35 356

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Roar Strømme,

rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Margunn Mikkelsen Tordal

mmtordal@gmail.com

Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Margunn Mikkelsen Tordal

mmtordal@gmail.com

Vikøy sokn:

Astrid Helleve Fylkesnes

a.h.fylkesnes@gmail.com

Øystese sokn:

Kjell Dysvik,

kjell.dysvik21@gmail.com

Ålvik sokn:

Ida Lindøe

idalind@online.no

BIBELAVSKRIFT

For fleire år sidan, tidleg på 1990-talet, hugsar eg at det var ein spesiell aksjon i kyrkja. Me kunne vera med på å skriva av eit avtalt bibelavsnitt, og skulle betala kr. 30. Det heile var for å samla inn pengar til Bibelmisjonen. Det Norske Bibelselskap ville samtidig ha ein handskriven Bibel som det norske folk hadde skriva. Så der fekk mange, saman med meg, si eiga handskrift. I den skrive-køen fekk eg tildelt fleire vers frå 2. Mos. 23. Og der står det i v. 23 : «For engelen min skal gå føre deg og føra deg.»

Dette blei spesielt for meg. -Nå er det ikkje alltid berre greitt å plukka ut eit enkelt bibelvers, eller ein del av eit vers, og lesa og ta det ut or samanhengen. Slik «mannakornlesing» kan vera så som så og noko tilfeldig.-

Men det er noko med dette ordet. Det er ei djup bibelsk sanning i det. Det seier noko viktig om Gud til meg. Og det er eg takksam for. Samanhengen det står i er dette: Etter at Moses hadde fått dei ti boda på Sinai og gitt lova og Paktsboka med lover og reglar for eit godt liv til Israelsfolket, så seier Gud til han, i v. 20 står det: »Sjå eg sender min engel framføre deg ! Han skal vakta deg på vegen og føra deg til den staden som eg har sett ut. Gjev akt på han og høyr på det han seier. Set deg ikkje opp mot han, Han vil ikkje tola brota dykkar; for namnet mitt er i han. Men høyrer du på det han seier

og gjer alt det eg byd deg.—då « skal engelen min gå føre deg og føra deg.»

„Namnet mitt er i han“ står det og.- Engelen kjem i staden for Gud. engelen er Guds representant og sendebod som utfører Guds vilje, for at folket skal først etter Guds plan. Gud openberrar seg, viser seg ved engelen sin, les me stundom i Bibelen.

Engelen er Guds tenar og bodberar. Han kjem med rettleiing, omsorg, visdom og kraft, Han kjem med ei konkret melding. Engelen i GT peikar ofte fram mot Jesus. «Engelen skal gå føre deg og føra deg »—Dette ordparet inneheld mykje visdom!


Gå føre - finna vegen. Føra - leia på rett veg.

Når eg les og arbeider med bibelord som dette, då arbeider bibelordet med meg !

Og då får eg ta ordet til meg og avsnittet blir personleg, så rett til meg. Gud har omsorg for meg og. Han vil meg vel. Eg får kvila i det at «Guds engel skal gå føre meg og føra meg.» I tillit til bibelordet kjenner eg meg trygg. Og då må eg innom både Profetane, Salmane og Nye testamentet og kjem etter kvart til Jesus som går saman med meg i kvardagen. I Jesaja 12,v.2-3 les me : « Sjå, Gud er mi frelse, eg er trygg og ottast ikkje. For Herren er mi kraft og min styrke, og han vart mi berging.


Øyvind Haarr

Andakt



Med fagnad skal de ausa vatn or frelseskjeldene.»

I Jesaja 41,v.10 står det: «Ver ikkje redd, for eg er med deg! Sjå deg ikkje rådvill ikring, for eg er din Gud ! Eg styrkjer deg og hjelper deg og held deg oppe med mi frelsarhand.» I Salme 50, v.15 står det : «Kall på meg den dag du er i naud, så vil eg fria deg ut, og du skal prisa meg». Jesus seier i Matt. 11, v.28 : «Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile.» -«Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»



Trusopplæringa i kyrkja i Kvam

- **Gå ut og lær dei!** Bodet frå Meisteren er framleis gjeldande marsjordre for alle som trur, og Den norske kyrkja i Kvam ynskjer å ta trusopplæringa på alvor. Dette vert eit av våre satsingsområde i tida som kjem.



Trekløveret Mampion, Solveig og Bryna er alle tilsette i kyrkja i det som heiter trusopplæringa, Ei ny tid krev nye løysingar, og med eit multikulturelt og pluralistisk samfunn å bu i, har kyrkja teke grep i møte med at kristendomskunnskapen på mange måtar er på vikande front. Me let trekløveret fortelja sjølve om si tilnærming til det arbeidet dei står i:

Solveig:

For min del kan mitt engasjement samanfattast i at eg ynskjer

- at borna i Kvam skal få gode opplevingar i kyrkja.
- at kyrkja kan vera noko trygt og godt for dei i alle livets fasar.
- å vidareformidle kristen tru og kristne verdiar til nye generasjonar.

Born i dag vert utsett for påverknad frå mange ulike hald. Me ser at kjærleik og respekt for seg sjølve og andre treng å bli løfta fram. Me i kyrkja ynskjer å fremja sunne, gode verdiar og ei trygg tru som borna kan byggja vidare på i livet sitt. Me ynskjer å bidra til at Kvam kan vera ein god stad å veksa opp.

Bryna samstemmer: - Å byggja relasjonar er det viktigaste me gjer. Ikkje berre med det enkelte barn, men med familiar. Det handlar om å skapa møteplassar der barn og unge er velkomne, aksepterte og påhugsa. Det er å hugsa dei ved namn, og feira merkesdagar med dei gjennom vårt fellesskap, t.d. dåp, skulestart og konfirmasjon.

Me har lyst å vera eit ljøs i mørket. Spreia håp, midt i mørket Dei fantastiske historiane me les om I Bibelen har djup relevans, også til oss menneske som lever i dag. Gud er der, I alle situasjonar I livet – hans kjærleik fell aldri bort!

Mampion:

Sjølvsom barn fann eg stor glede i å delta på ulike kristne aktivitetar. Desse opplevingane har hatt ein djup og varig innverknad på livet mitt. No arbeider eg med trusopplæring i kyrkja fordi eg ynskjer at barn og unge i dag skal få dei same verdifulle sjansane til å læra og forstå den kristne trua sine mange gode sider. Eg vil vera ein av dei som bringer vidare den gode budskapen, slik at dei får med seg ein solid og grunnleggjande forståing av trua—ein bagasje som forhåpentlegvis vil vera nyttig for dei i framtida. Eg vil også at dei unge skal vita at kyrkja alltid vil vera ein stad der dei kan kjenna at dei høyrer heime, og kan finna støtte.

Reint konkret arbeider trusopplærarane etter Trusopplæring for Kvam, vedteken av både fellesråd og sokneråd. Den er talande nok i sjølve tittelen: «Kyrkja treng borna. Borna treng kyrkja. Alle treng Jesus»

Basisen i trusopplæringa er annleis enn det ein vanlegvis tenkjer om barne- og ungdomsarbeid. Her er det ikkje vekentlege samlingar som i ein klubb eller eit kor. Tanken er at alle kull som er døypte, skal bli inviterte til eit møte med kyrkja kvart kalenderår. Dette er utmeisla i ei rekkje tiltak, som kvart år vert gjennomført

- Babysong
- Småbarnstreff
- Krølletreff
- 4-årsbok
- 6-årsbok ved skulestart
- LEGO-klubb
- Lys vaken – me overnattar i kyrkja!
- Kyrkjekino
- Tårnagent
- Konfirmasjonstid



Oppstart nytt konfirmantår

- Så mange??

Mampion, vår eminente kateket, fekk eit aldri så lite hakeslepp då ho opna påmeldinga til konfirmantåret 2024/25. Det rann inn, og i skrivande stund er heile 100 stk påmeldde som skal knela framfor alteret og bli bedt for våren 2025. Det er ein stor flokk – me må mange år attende i tida for å finna ein tilsvarende mengde. Og me kjenner i fellesskap på ein varmannde tillit at så mange velgjer kyrkjeleg konfirmasjon.



Det er samstundes ei formidabel oppgåve å sy saman eit pedagogisk opplegg som ivaretek både konfirmantar og dei som skal bidra frå kyrkja si side. Det vert nødvendig å dela opp flokken i to grupper, både i Øystese og Norheimsund.

Nytt av året er at kyrkja signerer ein personleg avtale med kvar konfirmant, og med den føresette. Det er ingen løyndom at også kyrkja kan kjenna på utfordringar med utagerande adferd i undervisningssamanheng. Me har ei von om at ein skriftleg avtale om kva me kan forventast av kvarandre – og det går begge vegar - kan vera med og gjera kvardagen litt tryggare og lettare for oss alle.


Men framfor alt: - Det er ei stor glede å få lov til å samtala med ungdomane i bygda, seier Mampion. - Det gjev meg så mykje attende.

Me i Kvam har lov å vera oppriktig stolte av ungdomsflokken vår!

Økonomi

Dette krev ressursar!! Kyrkja sentralt såg dette, og bispedømet har i mange år no gjeve oss stønad til dette arbeidet gjennom årlege tilskotsordningar. Dette er gull verdt – men dei rekk ikkje til alt. Difor har me no drista oss til eit stort løft: å samla inn midlar til å klara oppnå måla i trusopplæringsplanen. Dette er eit hårete mål – men me trur at Meisteren sine ord framleis gjeld, og me kjenner oss trygge på at me på denne måten kan vera med og skapa gode og trygge møtestader for born i alle aldrar. Difor: tusen takk, dersom du vil nytta giroen i bladet og gje oss ei handsrekkjing i dette. På litt sikt ynskjer me å formalisera dette ytterlegare, med løysingar som er meir konsistente over tid, og ikkje berre ein giro i kyrkjebladet.

Men som ein god start gjer det nytten. Takk for di gåve!



Trusopplæring i Kvam: hausten 2024

Babysong (0-1 år): mandagar, kl 11:00-13:00
i Norheimsund kyrkje
Datoar: 16.sept, 30.sept, 14.okt, 28.okt, 11.nov

Småbarnstreff (0-6 år): onsdagar, kl 10:00-12:00
i Norheimsund kyrkje
Datoar: 11.sept, 25.sept, 23.okt, 6.nov, 20.nov, 4.desember

Vennefest:
i Norheimsund 31.okt

Lys vaken:
9.-10. november, Norheimsund kyrkje
16.-17. november, Øystese kyrkje
23.-24. november, Strandebarm kyrkje



Mannskoret Laudamus

JUBILEUMSKONSERT

Laurdag 19. oktober kl 16.00 i Øystese kyrkje
Etter konserten er det forfriskningar, før konserten held fram Kl 18.00 i Kabuso

Billetter; kr 200,-, evt kr 300,- med to i fylgje.

VER VELKOMNE!



Foto: Lars Arvid Oma

Ein jublende jubilant

«Da er du lykkeligst på jord, når du syyyyynger i kor, syyynger i mannskor!!» Mannskoret Laudamus har øving, og budskapan er ikkje til å ta feil av.

Det er så greit med mannskor: anten er knappen på, eller så er den av. Anten syng dei av full hals, eller så kviler dei. Slik er i alle fall myten. Er det sanninga? Me tok ein prat med Magne Kolstad, mangeårig medlem i 25-årsjubilanten Laudamus, for å få eit innblikk i myteomspunnen kultur.

Han ristar oppgitt på hovudet. – Du skulle berre visst kor svakt og vakkert me kan syngja, refsar han. – Me har jo verdens beste dirigent, Eirin Beate Åserud-Løvlie, – og ho kan lokka fram dei vakraste tonar.

- Men syng de berre bedehussongar? spør ein uvitande bladfyk frå kyrkjebladet.

- Nei, nei, – Magne ristar oppgitt på hovudet nok ein gong. – Me har eit vidfemnande repertoar, og kan syngja nesten kva som helst.

Men JA, me har våre røter i kyrkje og bedehus, og for mange er desse røtene viktige. Derfor er nok storparten av vårt repertoar henta frå den kyrkjelege tradisjon.

- Og no skal det feirast?

- Jepp. 25 år er grunn til å markera. Og her skal det syngjast på mange frontar. Sjølv jubileumskonserten vår vert ein dobbelkonsert, der første bolken er i Øystese kyrkje, og andre delen i Kabuso. Det vert saker!

- Og snittalderen i koret har stige med 25 år i desse åra, – eller er rekrutteringa i orden?

Magne dreg på det. – Både og. Mange av dei som var med og drog det i gang i 1999, er framleis med. Men sjå om det ikkje har dukka opp nye og friske røyster undervegs! I dag er det ein solid blanding av alder og ungdom – og like vakre er me alle.

- Siste spørsmål: Er mannskorsongarar lukkelegare enn andre mannfolk?

- Ja.

Ring, ring, ring!

- Ja, det er kyrkjeverjen i Kvam?
- Du, det er Ottar Byrkjeland her, ute i Vikøy. Eg har sett på inngangsdøra til Vikøy kyrkje. Der er det noko roteskader nede ved ramma. Er det greit for deg at eg reparerer det? Det må støypast ørlite, og fresast opp nokre nye dørstolpefundament. Eg har liggjande noko emne heime som eg kan nytta.
- Fantastisk, Ottar. Tusen takk! repliserer ein rørt kyrkjeverje tilbake.
- Me lyt jo ta vare på bygget. Det er jo kyrkja vår, svarar Ottar.

Og så vart dagen på kontoret ekstra ljøs og god.

Mann på tak

- *No er det tett tak, Olav!*

Røysta frå ovan er myndig og kontant. Det kunne vore Vårherre sjølv som ropete – men ved nærare ettersyn var det vår gode kyrkjegardsarbeidar Bjørn Kåre som kunngjorde at jobben var gjort. Ettersyn og tetting av kyrkjetak er ei aldri kvilande oppgåve. Utette tak er det siste me treng, og då er jamnleg vedlikehald uvurderleg viktig. I dag var det Norheimsund kyrkje som fekk eit etterlengta tilsyn av Heine Ugletveit og Bjørn Kåre Thorvaldsen. Og etter jobben er gjort, kan kaffikoppen njotast.



Konsert-serie i sommar

Kantor Ulf er nøyd: Øystese kyrkje er ein framifrå stad å ha sommarkonsertar!

Fløyelsmjuke røyster, hissige hardingfeler, og voggande toradar-melodiar. Sommar-konsertane i kyrkjeleg regi i Øystese har femna så mangt, og har vore små perler på aldeles alminnelege og til dels grå onsdags-kveldar i sommar. Tonane gjer alltid noko med oss, og litt rikare i sjela går me ut att i sommarkvelden. Lokale tonekunstnarar har vore med blant utøvararar, saman med våre eigne kantorar. Takk skal de ha, Ulf og Sevi, for at de har drege dette i gang! Dette ynskjer me skal verta eit årleg tiltak i kyrkja vår i Øystese.



MUNTER HISTORIE

I ei avsidesliggjande bygd på Vestlandet låg ein mann heime – svært sjuk. Borna rekna med at han kom til å døy snart – men det drog ut. Så vart han brått dårlegare. Eit av borna tok då initiativ til å samla søskenflokket heime – for å drøfta det praktiske med bl a minnesamling etter gravferda. «Eg tykkjer me skal ha middag den dagen», seier ein av gutane. «Folk har reist langt og treng god næring. Kva med å laga til sosekjøt?» Det var dei andre borna samde i. Då kom det med klår røyst frå sjukesenga: «Nei, ta ikkje sosakjøt.

Da likar eg ikkje!»



Prost emeritus

Stubb

Gamle Oline låg og var alvorleg sjuk, og doktoren var innom. Stille gjekk han inn til den gamle, og vart verande riktig lenge. Ute i gangen gjekk mannen Nils og trødde, uroleg for kona si, som ventande kan vera.

Doktoren kom omsider ut, helsa høvisk og gjekk. Nils gjekk inn til kona si, og spurde forsiktig: - Kva sa doktoren? Oline glytte på det eine auga, og svarte: - Å, var det doktoren? Ja, eg tatte nok presten var litt nærgående i dag.

Kyrkjeverje inspiritus

Frå gammal tid

Av Ove-Kjell Sakseid

Skomakar og kyrkjesongar

Det er ikkje berre i dag kyrkja i Kvam har for lite mannskap. I 1759 vart Johan Jørgen Brandt sendt frå Bergen til Vikøy prestegjeld for å gjera teneste som kyrkjesongar. Det var mangel på slike i Hardanger. No skulle ikkje kyrkjesongaren den tid berre halda styr på songen. Han skulle gjera presteteneste også. Det var eit krav til slike at dei kunne preika dei gongane presten var forhindra.

Johan Jørgen Brandt var fattig i Bergen, og stort betre vart det ikkje då han kom til Vikøy. I ættarboka står det at han budde i Skipadalen på Valland. I dei fleste husa hadde dei i det minste ei geit, men Johan hadde truleg ikkje krøter. Men i Bergen hadde han tent som skomakar og kyrkjesongar, og same oppgåva fekk han her.

Det står også å lesa at han opphavelig var frå Holstein i Tyskland. Slekta si ville han ikkje seia noko om, og kalla seg eit hittebarn frå Flensburg. Mange gissa på at han ville skjula opphavet sitt. Somme gissa på at ein


nær slektning av han hadde noko med kampen mellom kong Christian VII og Struensee å gjera. Struensee var dronning Caroline Mathilde sin elskar, og det var i realiteten han som styrte Danmark/Noreg. Mange reformar vart sette i kraft av Struensee. Og ein av dei næraste hjelparane hans, var ein Enevold Brandt. Adelen gjorde opprør mot desse to, og dei vart avretta.

Om det var hald i koplinga mellom Enevold og Johan Jørgen har eg ikkje funne haldepunkt for. Men kyrkjesongaren og skomakaren ville ikkje fortelja om opphavet sitt. Sjølv sagt vart det spekulasjonar av slikt.

Det blir fortalt om Johan Jørgen at han var «ein god songar og ikkje verst å tala etter tid og høve, var mykje nytta som kjøkemeistar». Den tid var det ikkje alle gudstenestene prestane sjølv kunne halda. Det kunne vera ymse grunnar for det. Og då vart klokka sendt i veg. Han hadde også ansvar for å føra kyr-

kjeboka, - oversikt over fødde og døypte med fadnar, giftarmål og vitnene deira, dødsfall, og ein del anna. Og som kyrkja sin tenar, hadde han rett på kyrkjeskyss, og det var det bøndene som måtte utføra. For ein sjølveigande bonde var det sikkert ikkje alltid like greitt å skyssa ein fattig skomakar og klokkar. Det skapte gnissingar mellom han som kunne sitja i bakkuten og dei som måtte slita med årane.

Men Johan Jørgen hadde fleire born, og den eine av dei er interessant å følgja litt. Guten heitte Isak, og drog tidleg til sjøs. Han arbeidde seg opp, og vart skipper og førte skip for eit handelsfirma i Holland. Der vart han gift med dottera i huset, og overtok heile verksemda. Dette var den tid Napoleon var i si velmakt, og Isak vart valt ut som ein av dei som forhandla med keisaren. Napoleon ville brannskatta Amsterdam (herja og røva i byen). Ved å betala ein sum pengar kunne byen sleppa unna øydeleggingar.



Men det var vanskeleg å driva handel og sjøfart. For om ikkje Napoleon herja på sjøen, gjorde kystlanda det. Kapring av skip vart legalisert og Isak tapte dronning og kongerike. Han kom heim som ein fattig mann. Ei tid budde han hos søstera som var gift med gjestgjevar Johannes Vines på Utne, men Isak var ikkje god å gjera til lags. Han måtte flytta, og døydde i ei skrøpeleg stove i Kinsarvik som fattiglem.

Men det er ikkje mange i Kvam som kunne visa til ei liknande velmakt (og fall) som son til skomakar, strandsitjar og kyrkjesongar Johan Jørgen Brandt.

Reisebrev frå Nepal

Me i vår vestlege velstand og overflod treng å møta menneske som lyt kjempa for si tru.
Møt Hasta Gale frå Nepal!



Jiwan, ein ung pastorven i Nepal fortel om sitt møte med Mr. Hasta Ghale

Då Hasta Ghale møtte fofølging etter å ha teke imot Kristus, måtte han reisa frå heimbyen sin og busetja seg på ein ny plass. Dette hende i ei vanskeleg tid for Nepal med maoist-opprør og mykje uro.

Landsbyen til Hasta ligg i ein sterkt buddhiditisk region der dei fleste i landsbyen var imot dei kristne og mange måtte forlata hus og heim.

Hasta flytta etter kvart til Arughat og fekk seg jobb som bærar. Inntekta var kring 20 kr dagen. Sjølv om han hadde det vanskeleg, klagde han aldri til kyrkjelyden. Heller ikkje snakka han nedsetjande om personar eller grupper som var imot trua hans. Han levde kvar dag i ei fast tru på Gud

No er han vaktmeister for kyrkja i Arughat og vi er velsigna som får ha han som medlem i kyrkjelyden vår. Eg (Jiwan) var nyleg på besøk til han og han inviterte meg inn og ville fortelja frå då han møtte meg på min fyrste misjonstur til Gorkha.

Han hadde fått ein lydbibel, men denne hadde kona hans teke med seg fordi ho ville at venene hennar også måtte få høyra evangeliet. Han hadde difor spurt om eg kunne ta med ein ny lydbibel til han ved neste besøk. Då eg no gav han ein lydbibel, takka og lova han Gud. Han lyste av lukke og det var veldig spesielt for meg å oppleve ei slik glede – så hjartevarmt. Eg spør kva evangeliet eller den glade budskapen betyr for han. Han svarer at Evangeliet er å dela det som bur i hjarta ditt eller det du har i hagen, å nå ut til menneske som lyttar, dela mat med dei og gi tid til å dela.

Når eg reflekterer over historia til denne mannen, ser eg Guds nåde. Korleis han er i stand til å gjera evangeliet praktisk, leva det ut i både ord og handling. Han er også eit eksempel på kva det er å vera trufast i trua! - fortel Jiwan.

Dialektfestival i Strandebarm - no også med biskop

Dialektfestivalen i fjor var ein stor suksess. Mykje folk fann vegen, og at språk fengjer, er det ingen tvil om. Kvam mållag og Den norske Kyrkja i Kvam har difor også i år sett kvarandre stemne siste helga i september. Her finn ein eit rikt og mangfaldig program. Og ikkje minst: **fredag kveld 27. september**, er Fossehuset staden der ein kan høyra biskop Ragnhild Jepsen sitt foredrag om språket vårt. Ho er ekte halling, og har språk og identitet som ein sterk del av sitt DNA. Her kan det fort verta trongt om plassen.

Sjå heile programmet på dialektfestival.no!



Ragnhild Jepsen.
Foto: Den norske kyrkje

Jon og Jeanine på veg til Thailand

Ei nær fullsett Norheimsund kyrkje tok farvel med Jon Nedkvitne og Jeanine Heide i midten av august. No ventar varmare himmelstrok i 3 år.

Godorda sat laust hjå både arbeidsgjevar, vener og kyrkjelyd då ekteparet skulle ta farvel. Dei har vore høgt skatta på kvar sine stader, og vil naturleg nok verta djupt sakna, både som arbeidstakarar og medmenneske. Men som mange sa: det er berre tre år. Vonlegvis kjem det attende like spreke som no når dei dreg.

Kyrkjekaffien eima av vafler, vafler og vafler. 7 vaffeljarn var med på dugnaden for å metta svoltne kyrkjegjengarar etter gudstenesta.

Me ynskjer dei lukke til – og sender varme tankar til eit spanande prosjekt! Sjå ikkje bort frå at det kan koma eit reisebrev og sju i kyrkjebladet når det lid på.

Ny klokkar i Ålvik

Ålvik kyrkje har lang tradisjon med å lata dei unge aksla klokkarbøra. Børa er sant og seia ikkje av dei tyngste, - men likevel: jobben skal gjerast. Og dei tek arbeidet sitt alvorleg, det skal vera visst. Sist ut er Linde Ruud Hovdane, som no i eitt år framover skal vikariera for Gyda Aalvik Rosseland, som er på utvekslingsår i USA. Me ynskjer Linde lukke til, - og takk for at du tek utfordringa!



Føremiddagstreff i kyrkjene hausten 2024

Septemberrmøte

3. september 2024 kl. 11 – 12.45
i Øystese kyrkje

Gjest: Marianne Ørpetveit, leder for Gatehospitalet i Bergen/ Garnes
Tema: «Med hjarte for dei utstøtte»

Novemberrmøte

5. november 2024 kl. 11 – 12.45
i Øystese kyrkje

Gjest: Kom, så får du sjå!
Tema: Dette ligg også i det dulde nett no.

Oktobermøte

3. oktober 2024 kl. 11 – 12.45
i Norheimsund kyrkje

Gjest: Torgeir Landro, Prorektor for forskning og formidling ved NLA
Tema: «Feire fortid - forme framtid: 1000-årsmarkeringa for kristenretten»

Desembermøte

5. desember 2024 kl. 11 – 12.45
i Norheimsund kyrkje

Tema: «Staben i fri dressur»



Med kjærleik til kyrkjegarden

Han har definitivt slektskompetanse å ausa av. Han er 4. generasjon kyrkjegardsarbeidar i slekta. Leiv Magnar Fosse er fødd inn i arbeidet på kyrkjegarden, og har stor omsut for at det er velstelt i Strandebarm. Og domen frå bygdefolket er klar: han steller så det er ein fryd.

- Det var oldebusten min, Anders Larsson Fosse, som var den første i vår slekt som var kyrkjetenar og gravar. På dei tider var dette eitt og same yrkje, og det var sjølvsgagt handarbeid som var det einaste dei hadde til rådvelde. Oldebusten min hugsar ikkje eg, men etter han kom son hans, Lars Andersson Fosse, og far min og onkel min, Hilmar og Martin Fosse, fylgde etter han igjen. Og desse er ein del av min barndom.

Leiv Magnar har parkert plenklipparen, og tek seg tid til ein prat. Nymotens greier som plentraktor har han ikkje funne naudsynt: han klipper dei 8000 kvadratmetrane med kyrkjegard med ein heilt vanleg motorisert skubbeklippar. Enklast og best slik, - og då kjem eg til alle stader, fortel han.



- Frå 14-15-årsalderen måtte eg vera med besten, pappen og onkelen min på graving, minnest han. Det var ikkje så mykje spørsmål om eg ville - her var det berre å lyda, - ærleg arbeid var det einaste som dugde. Det kunne vera både ei og to gravferder i veka, og ein gong hugsar Leiv Magnar at det var 5 gravferder frå fredag til fredag. Det var ein drug dags arbeid å spa ei grav, så då var det ikkje så mykje rom for hoftefeste og røykjepause den veka, nei.

Så kom den tida då kommunen overtok dette arbeidet. Før kyrkja skilde lag med kommune og stat, var det dei kommunetilsette på utesektoren som hadde dette arbeidet ein periode.

Men i 1996 kom den nye kyrkjelova, der kyrkja i dei aller fleste kommunar vart gjevne ansvaret for kyrkjegardsdrift. Så også i Kvam, og det nyskipa fellesrådet tilsette Vidar Mo i stillinga som kyrkjegardsarbeidar. - Det var gut som arbeidde! fortel Leiv Magnar. Heller ikkje Vidar fekk nytta godt av fullmekaniseringa som rår grunnen i dag. Vidar måtte grava på alle graver med hånd - han fekk berre bruka maskin til å grava opp med, noko anna var sløsing med pengar.

No har Leiv Magnar hatt ansvaret for slåttan på kyrkjegardane i Strandebarm og på Mundheim dei siste åra, og stortrivst med det.

Kona Lillian er også med og tek eit tak når det trengs - og det gjer det ofte.

- Ringen er slutta, seier han med eit smil. Her tok min yrkeskarriere til, og her sluttar den. Det var mange tiår at eg arbeidde med andre ting, men kjærleiken til kyrkjegarden og banda til dei som har gått føre meg og gjort dette arbeidet, har alltid vore der. No set eg mi ære i at kyrkjegarden til ei kvar tid framstår slik me ynskjer at den skal vera.

Og det er ikkje berre plenslåttan som er linken hans til kyrkjegarden i dag. Han er Eikner sin representant for montering av gravstein, og han tek i tillegg på seg arbeid med å pussa opp og vaska gravsteinar.

På kyrkjegarden er eg, og her blir eg, seier han og smiler.



Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

For informasjon og avtalar
ta kontakt med **Rusk og Rask**
v/Arvid Strømme tlf. 99597848.

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?
Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør
(Eikner naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris

Ring 406 11 817

Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Årleg trong: 5 000 000,- Årleg tilgjengeleg: 150 000,-

Kyrkjeverjen ser ut glaset. Det regnar, og dropen som heng på hellekanten, er på rett side av skiferhella: på oppsida. Men kor lenge?

Vedlikehaldsbehovet er enormt, vedgår han, der han sit og ser på budsjettet i sin tilårskomne PC.

- Med ein bygningsmasse verdt 250 millionar burde me brukt 5-7 millionar årleg på vedlikehald. Vårt vedlikehaldsbudsjett er på 150 000,- Over tid kan ikkje dette gå bra.

Det er kommunane som er gjeve ansvaret for vedlikehald for kyrkjebygga våre, samt ansvaret for personal og drift av administrasjon og kyrkjegardar. Kyrkjeverjen rosar Kvam herad: - Dei er oppriktig opptekne av kyrkja. Både administrasjon og politikarar gjev uttrykk for omsut, og viser vilje til å investera i både større restaureringsprosjekt og minnelundar. Samstundes veit alle korleis den kommunale



Illustrasjon:
Slik tyder kunstig intelligens kyrkjeverjen sine bekymringar.



økonomien er. Kyrkja er i sanning ikkje det einaste vedlikehaldsprosjektet som får for lite kommunale midlar. Vegar, bygg og infrastruktur i kommunal sektor representerer enorme etterslep. Finst det nokon god veg ut av uføret?

Det snodige er at me lever i verdas rikaste land, tenkjer kyrkjeverjen høgt. Me har ein steinrik stat, og privat velstand. Men den kommunale armoda er uforståeleg. Det er på det kommunale nivået at tenester vert levert, det er i kommunar me bur og lever – det er her pengane burde vore, ikkje salta ned i all verdas fond?

Akkja. - Me får spela med dei korta me har, og gjera det beste ut av situasjonen, tenkjer ein alltid optimistisk kyrkjeverje, - og kastar seg over tala att. Kanskje kan det sparast endå litt på straum, dersom me berre

....

Ny gravstein-trend

Kvemmingar har også skjønna det: det kan vera ein lur ting å snu gamle gravsteinar, og ta med slekta som ei minnetavle – på baksida.

Ikkje berre er det i mange høve rimelegare å nytta oppatt den gamle gravsteinen når ein kjem til ny gravlegging – det er i tillegg eit lite columbi-egg. Det er no eingong slik at dei aller fleste gjerne vert gravlagt i ei gammal slektsgrav, - me er glad i røtene våre, her i Kvam. Graver er gjenbrukbare etter 25 år. Men kva med steinen som står der, og gjerne innheld namna til besteforeldre eller oldeforeldre? Ikkje er det plass til fleire namn på framsida – men alle ting har også ei baksida. Stadig fleire tek med seg sogi i form av ei ættetavle på baksida.

Men her må ein streng kyrkjeverje ila til og seia noko viktig: det er diverre ikkje høve til å planta på baksida av steinen. Plantefelt skal vera i framkant, sånn må det vera. Det ville gjera plenslåttan vår særdeles vanskeleg om det også skal byrja gro fram plantefelt bakom steinen. Sorry – men slik er det.





GUDSTENESTER I SOKNA

1. september

Ålvik kyrkje kl. 11.00
Konfirmantpresentasjon

1. september

Norheimsund kyrkje kl. 17.00
Konfirmantpresentasjon

8. september

Øystese kyrkje kl. 11.00
Konfirmantpresentasjon

8. september

Strandebarm kyrkje kl. 17.00
Konfirmantpresentasjon og 4-årsbok

15. september

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Konfirmantjubileum

15. september

Ålvik kyrkje kl. 17.00
4-årsbok og 6-årsbok

22. september

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
4-årsbok

29. september

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Dialektgudsteneste

29. september

Øystese kyrkje kl. 17.00
4-årsbok, Haust-takkefest

6. oktober

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste

13. oktober

Øystese kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste

13. oktober

Strandebarm kyrkje kl. 17.00
Gudsteneste

20. oktober

Ålvik kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste

20. oktober

Norheimsund kyrkje kl. 17.00
Gudsteneste for alle

27. oktober

Øystese kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste

27. oktober

Strandebarm kyrkje kl. 19.00
Folketonemesse

3. november

Minnegudsteneste
Ålvik kyrkje kl. 11.00

3. november

Minnegudsteneste
Vikøy kyrkje kl. 11.00

3. november

Minnegudsteneste
Strandebarm kyrkje kl. 17.00

3. november

Minnegudsteneste
Øystese kyrkje kl. 17.00

10. november

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste med Lys vaken

17. november

Øystese kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste med Lys vaken

17. november

Norheimsund kyrkje kl. 19.00
Rytmask gudsteneste

24. november

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste med Lys vaken

1. desember

Norheimsund kyrkje kl. 16.00
Lysmesse

1. desember

Ålvik kyrkje kl. 17.00
Lysmesse

8. desember

Øystese kyrkje kl. 19.00
Lysmesse med fakkeltog!

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

Lang dags ferd mot heimtrakter

Det har vore ei mangslungen teneste! **Brigt Sigve Skeie** pustar ut på terrassen heime i Ytre Ålvik. No er ringen på mange måtar slutta.



Pensjonistar er best! Gamle prestar er som årgangsvin: dei vinn seg med åra. Når ingen unge vil bli prest, må ein ty til dei med lang fartstid og røynsle – og her kan Brigt Sigve skilta med ein teneste-cv utanom det vanlege. No er han på plass i staben i Kvam, og skal saman med Roar Strømme utgjera sokneprest-teamet i Øystese og Ålvik det komande året.

Hans liv har vore innom mange kontinent, og mange ulike roller i kyrkja. Misjonsprest i Japan, sokneprest på Osterøy, prest i Jondal og Utne, sjømannsprest i Dubai, han har tenestegjort i Kvam i kortare og lengre periodar, og ikkje minst har han vore på Helgelandskysten som sokneprest no dei siste åra. Det kunne vore skrive ei bok om hans innholdsrike liv – men det rekk me ikkje ved denne korsveg.

Kyrkja i Kvam er umåteleg glad for at den robuste og hardtarbeidande 68-åringen vil gå inn i teneste i Kvam. I tillegg lyt me dela han med resten av prostiet ein og annan dagen – men det er her i Kvam han skal ha si hovudteneste det komande året.

Signing over tenesta, Brigt-Sigve!

FRÅ KYRKJEBØKENE



Dåp

Øystese sokn

Olav Klyve Fosse
Vegard Amundsen Hellestveit
Leah Sofia Veseth Gjørn
Ivar Øystese Larsen
Mathea Høyland Beqo
Ailo Mæland Byrkjeland
Otilie Storeide Øyri

Vikøy sokn

Emil Torsvik Bakken
Thea Heskjær Bu
Sander Vikør Brattabø
Selma Gjerde
Ida Sande
Matheus Felix Melo Skar Selsvik

Strandebarm sokn

June Linga



Vigde

Vikøy sokn

Karen Elisabeth Mo og Johannes Røyrvik
Anita Lie Vikør og Øyvind Brattabø
Eline Tveiten og Sverre Olav Botnen
Sunniva B. Fonneland og Andreas B. Sandven
Ynghild Gilje Storhaug og Helge Fonneland Bu
Emma Cathrine Aanesen og Vegard Norstein
Sofie Victoria Bones og Martin Melo
Solveig Røyrvik og Jan Ove Ødegaard

Øystese sokn

Minda Flåten Andersen og Pål Nygaard
Elisabeth Floen Kristensen og Øyvind Berge
Sissel Berit Ruste og Ole Tom Vårdal
Elaine Marie Williams og Gjermund Øystese
Heidrun R. Nødtvedt og Martin L. Obenius
Tonje Brekke Kolltveit og Roger Fjellro
Sarah-Linn Black og Terje Mo Bjørklund

Strandebarm sokn

Silje Sandnes Lillefosse og Sondre Skogerbø
Helga Titland Hatlevik og Simen Hatlevik
Therese Oma og Ole Martin Hauge
Nellie Vestrheim Knutsson og Olav Skogen



Gravferd

Ålvik sokn

Olaug F.Aalvik (f. 1940)
Gunvor Aga (f. 1931)
Lars Solesnes (f. 1923)

Øystese sokn

Norfrid Oma (f. 1933)
Nils Heradstveit (f. 1966)
Oddveig Hovden (f. 1951)
Gerd Øvrevik (f. 1923)
Nils Ove Sture (f. 1968)

Vikøy sokn

Ingebjørg E. Byrkjeland (f. 1931)
Sigrun Kvitastein (f. 1947)
Kristian Emil Djupevåg (f. 1944)
Bergit Byrkjeland (f. 1937)
Ellinor Lilleås Schaufel (f. 1952)
Leif Gilborne (f. 1962)
Marit Bjørke (f. 1933)
Ola Alvsåker (f. 2004)
Lars Jostein Utne Tveiten (f. 1960)
Bjarte Øye (f. 1960)
Inger Johanne Valestrand (f. 1947)
Kai Steffen Norheim (f. 1965)

Strandebarm sokn

Anne Lise Håland (f. 1948)
Alf Mikal Nernes (f. 1933)
Turid Haukås Nejtæk (f. 1944)

- Din lokale VVS-leverandør

Våre fagfelt:

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Blikkenslagerarbeid
- Luftbehandlingsanlegg
- Automasjon/SD-anlegg
- Rehabilitering
- Nybygg hus/hytter
- Service

Tlf. 56 55 36 00 - www.tecno.no - E-post: post@tecno.no

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FØR, SINGEL OG SAND

JAN MO AS

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

JOHAN SKEIE AS
GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

GULE'S

Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbrukar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

Øystese Elektriske AS

DIN LOKALE ELEKTRIKAR
- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

Installasjon og service av:

- Sterk- og svakstrøm
- ENØK og smarthusløyningar
- Tele og datanettverk
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 · www.oelas.no

Ynskjer du gravstell?

Fellesrådet sine tilsette steller graver for mange - men har kapasitet til meir.

Ring kyrkjekontoret for prisar og info, tlf. 474 83 120. Eller sjå våre heimesider på kyrkja.no/kvam

optikk Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

HARDANGER BYGGSENTER

www.hardangerbyggssenter.no


BYGGtorget MESTERHUS - det blir som avtalt

KVAM KRAFTVERK

Til deg! For deg!

SparebankenVest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555



Informasjon

Avsendar:
Kyrkjeblad for Kvam
Postboks 39
5601 Norheimsund

Kulturkveldar i haust, Norheimsund kyrkje

«Ubuntu - Eg er fordi du er», forteljingar om mitt Noreg, Irene Kinunda Afriye

I samband med Kvammaveko kjem Irene Kinunda Afriye til Norheimsund kyrkje. Kvammaveko har fokus på psykisk helse og inngår i den nasjonale satsinga «Verdsdagen for psykisk helse». Tema i år er «Me treng å snakke saman». Irene Kinunda Afriye er kjent for mange som fast gjestekommentator i Bergens Tidende. Ho er ein engasjert samfunnsdebattant og har halde mange foredrag i ulike samanhengar.



Irene Kinunda Afriye kom som foreldrelaus flyktning frå Kongo til Askøy som 16-åring i 2006. Ho skriv dette om foredraget ho vil halde i Norheimsund kyrkje:

«Gjennom personlige historier og refleksjoner vil jeg vise hvordan vi, til tross for vårt fokus på individualisme, likevel er dypt knyttet til og avhengige av hverandre for å oppnå et meningsfylt liv. Ubuntu - jeg er fordi du er, utfordrer oss til å tenke på vår rolle i samfunnet og hvordan vi kan bygge sterkere, mer inkluderende fellesskap.»

Varmt velkomne til ein spennande kveld i kyrkja!

Foredrag ved Helge Simmones: Harris eller Trump – Guds utvalde?

Tysdag 5. november skal det avgjerast kven som blir Amerikas 47. president. Valet kan få store konsekvensar for både USA, Europa og Ukraina.

Med Kamala Harris har det kome inn ein heilt ny dimensjon i det spennande valet. Sjølv om Harris no har fått vind i segla, skal vinnarsjansane til Donald Trump ikkje undervurderast. Ein av grunnane til at han ikkje kan avskrivast, er at han framleis har høg oppslutning i den store veljargruppa «kvite evangelikale kristne». Denne gruppa tel mellom 25-30 millionar veljarar. Ved tidligare val har Trump fått 80 prosent av røystene deira.

Når nominasjonane til embeta som president og visepresident no er klare, meiner mange ekspertar at det vil bli ein enda meir polarisert valkamp der religion vil spele ei vesentleg rolle.

I foredraget syner Helge Simmones kvifor Trump har ei så magnetisk tiltrekningskraft på mange kristne veljarar trass i at han ikkje vert sett på som den mest gudfryktige. Mange amerikanarar meiner at han er den einaste som er sterk nok til å utfordre den liberale eliten i Washington. Dei ønskjer at den kristne staten Amerika skal gjenreisast og at ein igjen kan uttale «God bless America» med truverd. Når Trump så sterkt legg vekt på

bibel og dei ti boda, er det mange som meiner at han er utvald av Vårherre sjølv til å leie supermakta. At han kom heilskinna frå attentatet 11. juli, er for mange truande ei stadfesting på at Trump har Gud på sitt parti. I tillegg kjem saker som abortkamp og støtta til Israel.



Helge Simmones

Kulturkveld

Tid og stad: Onsdag 2. oktober kl. 18 i Norheimsund kyrkje

Gjest: Helge Simmones, tidligere redaktør i Vårt Land

Tema: «Trump, Gud og kyrkja»

Arrangør: Kvam bibliotek, Kvam Folkeakademi og Vikøy sokneråd

Kulturkveld

Tid og stad: Mandag 14. oktober kl. 19 i Norheimsund kyrkje

Gjest: Irene Kinunda Afriye

Tema: «Utanforskap og inkludering»

Arrangør: Kvammaveko i samarbeid med Vikøy sokneråd

Retreatkveld

Tid og stad: Onsdag 13. november,

klokka 19, Norheimsund kyrkje

Gjest: Per Øystein Opdal, lege

Tema: «Stilla som veg til Jesus Kristus»

Arrangør: Vikøy sokneråd

Middag i kyrkja:

Denne hausten vil soknerådet i Vikøy prøve ut noko nytt. Me ønskjer å leggje til rette for gode fellesskap og har planar

om å invitere til familiemiddagar i kyrkja cirka ein gong i månaden. Nærare tidspunkt vert annonsert seinare, følg med, følg med!

Vennefest!

31. oktober inviterer Vikøy sokneråd igjen til Vennefest i Norheimsund kyrkje. Me tek heile kyrkja i bruk, det vert mykje liv og aktivitetar for heile familien, slik det pleier. Set av datoen, det er berre til å glede seg!

